



# FELLES ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I NORDDAL



*Vedtatt i Driftsutvalet 27.02.08*

## ***I Innleiing***

### **§ 1. Heimel**

Reglementet er heimla i lov av 17 juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

### **§ 2 Føremål**

Skulane i Norddal skal vere prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Ordensreglementet skal medverke til å nå denne målsetjinga og for å sikre at skulesamfunnet skal vere ein arbeidsplass der alle trivst og får høve til å gjere ein god jobb. Ordensreglementet for skulane i Norddal tek utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane på ein positiv måte vil bruke egne krefter for å nå målsetjinga om eit godt skulesamfunn for alle.

### **§ 3 Verkeområde**

Ordensreglementet omfattar både elevar i grunnskule og opplæring av vaksne/eldre elevar på grunnskulen sitt område. I tillegg til det felles ordensreglementet får den einskilde skule høve til å gi utfyllande ordensreglar tilpassa kvar skule. Det er ikkje høve til å fråvike det felles reglementet.

Ordensreglementet inneheld reglar for oppførsel, reglar for kva tiltak som kan brukast i høve til elevar som bryt reglementet og reglar for korleis slike saker skal handsamast (reglar for sakshandsaming).

Reglar og sanksjonar som går fram av opplæringslova (OL) og føreskrift til opplæringslova, er som hovudregel ikkje gjenteke i ordensreglementet. Skulane pliktar å informere føresette og elevar om desse reglane.

I opplæringslova og i føreskrift til denne lova er det fastsett at elevane har rett til medverknad i mange saker som gjeld utforming av skulesamfunnet. Desse rettane er ikkje ein del av dette ordensreglementet og blir difor ikkje nærare omtala her.

Skulefritidsordninga i grunnskulen skal ha egne ordensreglement fastsett som ein del av avtalen mellom den einskilde skule og barna sine føresette.

Skulane har ansvar for elevane på skulen sitt område. Det vil seie i alle typar av undervisningslokale, fellesrom og uteareal. Dessutan når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, for eksempel i prosjekt, leirskule og under ekskursjonar. Dette inneber at ordensreglementet gjeld når skulen har ansvar for elevane.

Ordensreglementet for den einskilde skulen skal også gjelde på veg til og frå skulen når ureglementerte tilhøve vert kjende.

## ***II Regler og sanksjonar***

### **§ 4 Generell oppførsel**

Skulane i Norddal skal gje elevane dei beste vilkår for læring og utvikling. Det er difor viktig å skape eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på den einskilde skulen. Alle elevar skal følgje vanlege reglar i samfunnet. Det vil seia god allminneleg folkeskikk.

Reglar for orden og oppførsel:

- Vis omsyn og respekt for andre.
- Hald arbeidsro i timane og vis respekt for undervisninga.
- Møt presis til timar og avtalar.
- Gjer skulearbeidet til avtalt tid.
- Hald god orden.
- Hald skulen sitt område reint og ryddig.
- Ta godt vare på alt som tilhøyrer skulen, både ute og inne, og stell pent med skulebøker og anna undervisningsmateriell.
- Ta godt vare på personlege eigedelar. Unngå å ta med verdisaker på skulen.
- Å banne, slåst og forstyrre andre sin leik er å vise manglande respekt og omsyn.
- Rasistiske utsegn og handlingar er ikkje tillate.
- Mobbing vert ikkje tolerert.
- Seksuell trakassering er ikkje tillate.
- Sjikane på grunn av religion eller livssyn er ikkje tillate.

### **§ 5 Tiltak mot brot på ordensreglane**

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva for nokre reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Sjølv sagt må tiltaka praktiserast ulikt etter kor alvorleg regelbrotet er. Før det blir teke avgjerd om refsing, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Elevane skal, dersom det er mogeleg, få gjere opp for seg.

Brot på reglar som følgjer av lov og reglement kan verte sanksjonert etter reglane i dette kapittel, dersom ikkje anna er nemnt.

Skulane i Norddal vil normalt nytte følgjande sanksjonar mot brot på ordensreglane:

- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eignelutar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.).
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor
- Kome på skulen før og etter skuletid for å samtale med lærar/rektor og/eller utføring av pålagte oppgåver. .
- Rektor kan i samråd med lærar ta avgjerd om bortvising frå klasse/gruppe for resten av timen/arbeidsperioden/dagen. Foreldra må varslast for elevar i 1. - 7. trinn.

- Når det gjeld meir alvorlege eller gjentekne regelbrot, kan rektor vise bort elevar frå skulen i 8. - 10. trinn for lengre tid enn resten av skuledagen, men avgrensa til 3 dagar.
- Mellombels eller permanent byte av klasse/skule. Ved byte av skule må andre tiltak vere prøvd, og Driftsutvalet avgjer saka.
- Melding til politiet om ulovelege tilhøve.
- Nedsett karakter i orden og oppførsel.

Som hovudregel skal det berre gjevast sanksjonar som er i samsvar med lov og reglement. I særskilde høve, kan også mildare sanksjonar takast i bruk.

Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i det felles reglementet og for det reglementet som gjeld for kvar skule.

Eleven/ elevane pliktar å rette seg etter dei sanksjonane som vert sette i verk. Dersom eleven/ elevane ikkje rettar seg etter dette, kan det setjast i verk nye sanksjonar.

Fysisk refsing er ikkje tillete. Arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre blir ikkje rekna som fysisk refsing.

Kollektiv avstraffing kan ikkje nyttast for handlingar utøvd av nokre medlemmer av gruppa.

## **§ 6 Straffbare tilhøve**

Ut frå omsynet til orden på skulane, ivaretaking av elevar og tilsette, og som normgjevande signal, skal skulane v/ rektor melde straffbare forhold til politiet. Dette gjeld nasking, tjuveri, ran, rasisme, voldtekt, hververk/skadeverk, truslar og medtaking/bruk av våpen.

Skulen skal konferere med eleven sine føresette før tilhøvet blir meldt. Dersom føresette ikkje ønskjer at skulen skal melde tilhøvet, må skulen konkret vurdere dette opp mot omsynet til den einskilde elev og skulen sitt generelle oppdragaransvar.

## **§ 7 Oppførsel – konkrete tilhøve**

### **§ 7-1 Mobbing og annan voldeleg åtfærd.**

Mobbing er fysisk og/eller psykisk angrep som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette. Dette blir rekna som vold. Vold eller trugsmål om vold skal ikkje akseptast.

Den einskilde skule skal ha ein handlingsplan mot mobbing/vold.

Elevar som trugar eller gjer vold mot andre, kan visast bort frå undervisinga/ skulen. Kor lenge eleven skal halde seg borte, vil vere avhengig av både alder (jf. OL §§ 2.10) og alvoret i situasjonen.

Før vedtak om bortvising, skal det vurderast om det er meir teneleg å ta i bruk andre hjelpe- eller refsingstiltak, for eksempel bruk av elevmekling og/eller konfliktråd.

Samstundes med vedtaket om bortvising og/eller melding til politiet, skal det frå skulen si side liggje føre ein plan for hjelpetiltak i samsvar med skulen sin handlingsplan mot vold og mobbing.

Ved utøving av vold vil både eleven sine føresette og offeret sine føresette bli kontakta. Ulovlege tilhøve vil bli meldt til politiet.

### **§ 7-2 Farlege gjenstandar.**

På skulen sitt område er det ikkje tillate å ta med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre, når det ikkje er sannsynleg at gjenstanden berre skal brukast til andre lovlege føremål.

Gjenstandar kan beslagleggast av skulen. Ulovlege gjenstandar blir overlevert til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar blir overlevert til eleven etter skuletid, eller til føresette.

### **§ 7-3 Rusmiddel.**

Det er ikkje tillate å ta med seg eller bruke alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område.

Det er ikkje lov å bruke rusmiddel eller tobakk på skulen sitt område.

Ved brot på regelen vil dei føresette bli kontakta.

Skulen må ta hand om rusmidla eller tobakken. Ulovlege rusmidlar skal ein levere til politiet.

### **§ 7-4 Hærverk på skulen sine bygningar og det som høyrer skulen eller andre elevar til**

Elevar som gjer hærverk kan bli pålagde å rydde opp etter seg/utbetre skader dei har vore årsak til. Då føreset ein at oppryddinga er arbeid eleven greier, og arbeidet er rimeleg i høve det som er gjort.

Ved hærverk på skulen sine bygningar og/eller eignelutar kan eleven bli økonomisk ansvarleg (skadeerstatningsloven §1-1). Føresette er ansvarlege etter skadeerstatningsloven § 1-2 for inntil kr 5.000.

Ved hærverk vert eleven og/eller føresette ansvarleg for skadane. Eleven kan få høve til å utbetre skadane sjølv dersom dette er høveleg.

Skulane skal reagere dersom elevar øydelegg andre elevar sine eignelutar. Skulemekling kan brukast, men må vurderast i høve omfang og alder.

Føresette vert kontakta ved hærverk.

## **§ 7-5 Bruk av mobiltelefon**

Mobiltelefonar skal vere slått av på skulen sitt område. Dei skal til vanleg oppbevarast i veske eller sekk. Skulen kan gje lov til bruk av mobiltelefon i skuletida, når bruken har med undervisninga å gjere.

Dersom eleven bryt reglane for bruk av mobiltelefon, kan telefonen verte inndregen for resten av dagen.

Skjer det fleire gonger, skal telefonen dragast inn og hentast av føresette.

## **§ 7-6 Internett**

Internett skal berre nyttast i undervisninga. Dette gjeld òg e-post. Denne regelen er ikkje til hinder for at ein kan nytte internett utanom den ordinære skuletida.

Samarbeidsutvalet ved den einskilde skulen skal vedta nettvettreglar, gjerne etter reglar utarbeidd av Redd Barna. Reglane skal også innehalde ein brukaravtale mellom skulen og elevane, for bruk av skulen sitt utstyr utanom den organiserte undervisninga.

Dersom elevane bryt reglementet, kan dei avhengig av situasjonen, bli fråteken retten til å bruke internett på skulen for eit nærmare tidsrom. Ved alvorleg og/eller gjentekne reglementsbrøt kan elevane bli utvist frå skulen i tråd med reglane i OL §§ 2-10.

Ulovleg bruk vil verte meldt.